

## Til konfirmantar og føresette:

### INFORMASJON OM KONFIRMANTLEIREN

20.-22. januar 2017

Det nærmar seg konfirmantleir på Brandøy!



#### REISE:

Vi skal til Brandøy leirstad, som ligg på veg ut mot Utbjoa.  
Det blir felles avreise med

**buss frå Aksdal fredag 20. januar ca kl 17.30.** (Den eine bussen korresponderer med buss frå Nedstrand)

**Frammøte kl 17.20 på bussterminalen.**

Kvar konfirmant ordnar med transport til Aksdal.

Programmet startar med informasjon kl. 19.00. Kveldsmaten blir kl. 20.00.

(Det er lurt å ete mat før du reiser.)

**Foreldre/ føresette har ansvar for henting på søndagen!**

#### TA MED:

Alle må ha med sovepose, laken, klede (til både inne- og utebruk!), personleg utstyr/ toalettsaker, Bibel, kulepenn, tøfler /ullsockkar, hallsko (til bruk i gymsalen).

Ta eventuelt med pengar til kiosk.

#### PRIS:

Dei som er påmeldt har betalt for leiren og bussreisa til Brandøy.

**Vi gjer merksam på at det er viktig at alle følgjer leirreglane!**

**Alvorlege brot på desse kan føre til heimsending.**

#### FORELDRE/ FØRESETTE:

«Kyrjekaffi med noko attått»

Søndagen inviterer vi foreldre/ føresette til avslutningsgudsteneste.

**Frå kl.11.30 byr vi på kaffi og heimebakte kaker!**

Etterpå blir det **gudsteneste** og deretter heimreise...

Brandøy leirstad ligg ca 8 km frå Ølensvåg, til høgre nede ved sjøen.

Køyr mot Utbjoa, forbi Westcon og Lundeneset.

Ver venleg å berekne tid til parkering på leirområdet.

**Til orientering** nemner vi at kyrkja har ansvarsforsikring for denne typen arrangement. Hendelege uhell som ikkje kan lastast arrangørane, må eventuelt dekkast med eigen ulykkesforsikring (reiseforsikring blir ikkje dekket av denne).

#### Dersom du treng meir informasjon

**eller det er noko me bør vite, så ta kontakt med:**

Ragnhild Meland, menighetspedagog i Aksdal,  
telefon 52 75 77 09 eller 97 59 50 69

Marit Sofie Teistedal Vikre, kateket i Tysvær,  
telefon 48 13 54 57

Med helsing Ragnhild og Marit Sofie